

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 06.04.2022
SAKSHANDSAMAR: Brita Mauritzen Næss
SAKA GJELD: **Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2021**

ARKIVSAK: 2021/425
STYRESAK: **052/22**

STYREMØTE: **20.04. 2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar rapporten til orientering

Oppsummering

Spesialisthelsetenesta har utarbeidd sin fjerde felles rapport om samfunnsansvar. Rapporten blir lagt fram for styret til orientering.

Fakta

I føretaksprotokollen frå 10. januar 2022 står følgande:

Føretaksmøtet viste til at det bør byggast vidare på det gode arbeidet som er gjort i samband med rapporten for spesialisthelsetenesta sitt arbeid med samfunnsansvar. Den felles klimarekneskapen for helseføretaka skal vidareutviklast og publiserast i den årlege rapporten. Eit viktig grep i arbeidet med å forebygge og redusere det negative miljø- og klimaavtrykket vil vere å involvere og bevisstgjere leiarar og medarbeidarar i heile organisasjonen.

(...)

*Føretaksmøtet bad dei regionale helseføretaka om å:
- dokumentere årleg status i arbeidet med å nå dei langsiktige måla innan klimaområdet gjennom spesialisthelsetenesta sin rapport om samfunnsansvar*

Samarbeidsutvalet for klima og miljø i spesialisthelsetenesta utarbeider årleg ein felles rapport for samfunnsansvar. Årlege aktiviteter rullerer mellom dei fire regionene, slik at ulike oppgåver blir løyst på vegner av fellesskapet. Helse Sør-Øst har hatt ansvaret for å utarbeide årets rapport og neste år går oppgåva vidare til Helse Midt-Norge.

Helseføretaka i regionane har gjennom regionale miljøfaggrupper vært involvert i arbeidet med rapporten, og har bidratt med sakar til rapporten og med innspel både til innhald og utforming.

I AD-møte den 21. mars (sak 041-2022) ga AD-ene i RHF-ene sin tilslutning til Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2021.

Kommentarar

Klimaregnskapet for 2021 viser ein reduksjon i utslipp på 25 prosent frå året før. Reduksjonen i utslipp skyldast at Helse Nord, Helse Midt-Norge og Helse Vest har kjøpt gjenvinningskraft. Det er inngått ein ny nasjonal avtale om kjøp av gjenvinningskraft med verknad frå januar 2022, som også omfattar Helse Sør-Øst.

Rapporten gir eit godt grunnlag for å vise oppfølging av området og gir ein formålstenleg dokumentasjon av oppdraget. Det er positivt for omdømme at spesialisthelsetenesten legger fram ein felles rapport for samfunnsansvar. Det er ein måte å vise fram at spesialisthelsetenesta samarbeider felles utfordringar og at samfunnsansvaret blir tatt på alvor.

Utvalde saker frå rapporten vil bli presentert på [Spesialisthelsetjenestens miljø- og klimakonferanse 21.april](#).

Konklusjon

Styret tar rapporten til orientering.

Vedlegg:

1 Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2021